

Influensavaksine til gravide

Influenza er like vanleg blant gravide som blant andre kvinner, men gravide har høgare risiko for alvorleg sjukdom. Risikoen aukar dess lenger ut i svangerskapet ein kjem. Dersom mor blir alvorleg sjuk, utgjør dette ein fare også for fosteret. Vaksine til gravide beskyttar både mor og barn.

Tilråding til gravide

- » Vi tilrår at gravide i 2. og 3. trimester vaksinerer seg før influensasesonen,
- » og at gravide i 1. trimester vaksinerer seg dersom dei også tilhører ei anna risikogruppe.

Tilrådinga gjeld for influensasesonen (haust og vinter).

Beskyttar mor

Studiar viser at vaksinen gir like godt vern for gravide som for andre friske vaksne.

Beskyttar barnet

Spedbarn har høgare risiko for alvorleg influensasjukdom enn større barn og vaksne. Dersom mor vaksinerer seg i svangerskapet, er også barnet beskytta det første halvåret etter fødselen.

Influensavaksine i svangerskapet aukar ikkje risikoen for abort, for tidleg fødsel eller skadar på fosteret.

Om influensavaksinen

Influensavaksinen som er tilrådd til gravide blir gitt i ein dose og inneheld berre delar av influensavirus, salt og vatn. Vaksinen kan ikkje gi influensasjukdom. Influensavaksinen beskyttar ikkje mot koronavirus eller andre virus og bakteriar som også kan gi influensaliknande symptom.

Biverknader

Vanlege biverknader er smerte, raud hud og hevingar på stikkstaden, samt feber, lett sjukdomskjensle og muskelsmerter. Alvorlege biverknader og allergiske reaksjonar er svært sjeldne etter influensavaksinasjon.

Kvar kan eg ta influensavaksinen?

Sjekk med jordmor, legen eller på kommunen sine nettsider.

Meir informasjon

Meir informasjon om influensa og vaksine er tilgjengeleg på

www.fhi.no/influensavaksine

www.fhi.no/nettpub/vaksinasjonsveilederen-for-helsepersonell/kunnskapsgrunnlag/gravide/

